



AUSTRHEIM KOMMUNE

Servicekontoret

Alver kommune
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
11.02.2022	21/1232 - 22	21/9732 - 21/86358

Oversending av vedtak - Tildeling av landbruksmidlar i Austrheim kommune løyvd i 2021

Heisan på Felles landbrukskontor!

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Toft, har sendt over e-post om dette tidlegare.

Men eg sender vedtaket slik at de har det reint formelt.

- Tilskotsmottakarane er på kopi.
- Sjå vedlagt saksdokument.

Her er klagereglane som gjeld:

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten.

Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vennleg helsing
Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:

Alver kommune

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/22	Formannskapet	PS	03.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-223	21/1232

Tildeling av landbruksmidlar i Austrheim kommune løyvd i 2021

Vedlegg:

Tilskot til landbruksføremål Austrheim 2021 - innstilling frå felles landbrukskontor
Kommunalt tilskot til landbruksføremål i Austrheim 2021 - innstilling frå felles landbrukskontor
Tilskot til landbruksføremål Austrheim 2021 - forslag til fordeling av tilskot

Framlegg til vedtak:

Formannskapet løyver landbruksmidlar løyvd i 2021 som tilrådinga frå felles landbrukskontor i saksutgreiinga under viser. Felles landbrukskontor tek seg av tildelingsskriva og naudsynthe vilkår i kvar sak. Arbeidet med rekneskap og tiimeliste skal godkjennast før utbetaling kan skje

Nr.	Kommentar tilskotsum
Instilling:	
1	47.820 maks 30 kr per m
2	15.000 maks 15000 kr per foretak
3	57.250 tilskotssats maks 50% av kostnad
4	6.000 maks 30 kr/m
5	3.200 maks 800 kr/ klave
6	62.610 maks 30 kr/ m
7	0* Det kan vere aktuelt å bruke resterande midlar til denne saka etter synfaring i vekstsesongen på kr. 67.120.
8	15.000 maks 15000 kr per foretak
9	13.000 Standard satser 40 kr/ m gjerde, 2* 1500 kr for grinder.
10	5.000 Tilskotsats maks 50% av godkjent kostnad
11	8.000 maks 800 kr/ klave

Totalt Kr.
232.880

Formannskapet - 006/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.
Reidar Øksnes (Sp) spurte om kva som er tenkt rundt at eigar av enkelte prosjekt ikkje er busett i Austrheim. Asbjørn Toft svara at det er prosjekta som er vurderte her, ikkje kvar eigar bur.

Handsaming i formannskapet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS vedtak:

Formannskapet løyver landbruksmidlar løyvd i 2021 som tilrådinga frå felles landbrukskontor i saksutgreiinga under viser. Felles landbrukskontor tek seg av tildelingsskriva og naudsynte vilkår i kvar sak. Arbeidet med rekneskap og tiimeliste skal godkjennast før utbetaling kan skje

Nr.	Kommentar tilskotsum
Instilling:	
1	47.820 maks 30 kr per m
2	15.000 maks 15000 kr per foretak
3	57.250 tilskotssats maks 50% av kostnad
4	6.000 maks 30 kr/m
5	3.200 maks 800 kr/ klave
6	62.610 maks 30 kr/ m
7	0* Det kan vere aktuelt å bruke resterande midlar til denne saka etter synfaring i vekstsesongen på kr. 67.120.
8	15.000 maks 15000 kr per foretak
9	13.000 Standard satser 40 kr/ m gjerde, 2* 1500 kr for grunder.
10	5.000 Tilskotsats maks 50% av godkjent kostnad
11	8.000 maks 800 kr/ klave

Totalt Kr.

232.880

Saksopplysninger:

Austrheim kommune sette av midlar i budsjettet for 2021 på kr. 300.000 til tiltak i landbruket. Bønder kunne søkja om tilskot til tiltak dei hadde byrja på dette året eller som dei planlegg å starta med. Det er felles landbrukskontor som vurderer bruken av desse midlane.

Det kommunalt tilskotet til landbruket skal leggja til rette for og styrkja landbruksdrifta i Austrheim, og vera til hjelp i samband med investeringar på bruk som mottek produksjonstilskot, eller andre tiltak som fremjer landbruket i kommunen. Midlane skal i hovudsak nyttast til nydyrking, grøfting, beiterydding og andre godkjende tiltak som kan betra driftstilhøva på jordbruksarealet. Landbruksvegar, tiltak for å hindra ureining, gje betre dyrkingstilhøve i eit endra klima. Midlane kan òg nyttast til kulturlandskapstiltak (både landskapskjøtsel og bygningsvern) og fellesprosjekt for landbruket.

Midlane kan til dømes då gå til desse føremåla og med føringar for tilskotet:

- Forbetring av dyrkingstilhøve i eit endra klima (klimatilpassing)
- Tiltak som reduserer avrenning til bekkar og vassdrag
- Nydyrking- maks tilskot inntil 50 % - godkjent kostnad

- Dreneringstiltak- maks kr 30 pr meter
- Landbruksveggar – maks 50 % av kostnadsoverslag
- Branngate rydding
- Ny gjerdeteknologi – no fence (ikkje fysiske gjerde) Maks tilskot kr 800/klave. Maks kr 15 000 pr. bruk
- Kulturlandskapstiltak:
 - Rydding
 - Lyngheskjøtsel, brenning/rydding
 - Gjerding
 - Tilrettelegging for ålmenta (stiar/ferdselsveggar/gjerdeklyv/skilt/bord/benkar)
 - Restaurering

Landbruksmidlane vart annonsert på vanleg måte og bønder vart underretta om ordninga. Søknadsfrist vart sett til 20.11.2021. Det var utarbeidd eige søknadskjema som alle kunne bruka.

Det vart søkt om følgjande tiltak:

Tiltakstype
1.Dreneringstiltak
2.Ny gjerdeteknologi – no fence
3.Landbruksveg
4.Dreneringstiltak
5.Ny gjerdeteknologi – no fence
6.Dreneringstiltak
7.Forbetring av dyrkingstilhøve i eit endra klima
8.Ny gjerdeteknologi – no fence
9.Gjerding
10.Tilrettelegging for ålmenta
11.Ny gjerdeteknologi – no fence

Beskrivelse
1.Drenering totalt 1594 m
2.No fence til storfe, 20 klaver. For beiting på 600-700 daa i utmark
3.Restaurering og grusing av gammel landbruksvei (171 m) for rydding, beiting og turvei
4.Drenering 200 m
5.No fence 4 klaver til geit for å beite grøftekanter og andre areal uten gjerde
6.Drenering totalt 2087 m
7.Søker om tilskudd til å sprengre en åkerholme på overflatedyrka jord
8.Oppstart med geit fra sommeren 2022. Mål om å kjøpe inn 20 nofence-klaver.
9.Søker tilskudd til å sette opp permanent gjerde for å bruke i kombinasjon med no fence
10.To benker i forbindelse med parsellhage
11.Innkjøp av no fence for beiting med geit på hogstfelt og mindre utmarksarealer

Felles landbrukskontor har mottatt 11 søknadar (ulike tiltak sortert) på kommunalt tilskot til landbruksføremål i Austrheim kommune etter søknadsfrist 01.11.2021. Det var 6 grunneigarar/bønder som søkte om desse tilskota. Felles landbrukskontor har handsama søknadane og laga forslag til fordeling av tilskotet. Forslaget til fordeling av tilskot er vedlagt i excel-fil. Felles landbrukskontor har gjennomgått alle søknadane grundig. Tildeling av midlar er ei skjønsmessig vurdering og i forhold til nytte og politiske prioriteringar lokalt og nasjonalt. Felles landbrukskontor har prøvd ei mest mogleg jamn fordeling utifrå prioriteringsliste og tilskotssum utifrå søknadsbeløp. Alle søknadane er registrert i sakshandsamingsystemet i Austrheim kommune Felles landbrukskontor har innstilt på at følgjande tiltak skal får midlar som vist under med kommentar på kvar tilskotssum:

Instilling	Kommentar tilskotssum
kr	
47.820	maks 30 kr per m
15.000	maks 15000 kr per foretak
57.250	tilskotssats maks 50% av kostnad
6.000	maks 30 kr/m
3.200	maks 800 kr/ klave
62.610	maks 30 kr/ m
	0* Det kan vere aktuelt å bruke resterande midlar til denne saka etter synfaring
15.000	maks 15000 kr per foretak
13.000	Standard satser 40 kr/ m gjerde, 2* 1500 kr for grinder.
5.000	Tilskotsats maks 50% av godkjent kostnad
8.000	maks 800 kr/ klave
Totalt Kr.	
232.880	

Felles landbrukskontor har i vedlagt excel-ark også kommentar til nokre kostnadsoverslag.

Sprenging av åkerholme har felles landbrukskontor vurdert slik: **Høg kostnad i forhold til lite areal, vert ikkje prioritert i denne runden. Landbruksavdelinga ønsker å synfare arealet i vekstsesongen. Det kan vere aktuelt å gje resterende midler til denne saka.**

Vurdering

Kommunedirektøren legg til grunn felles landbrukskontor si innstilling i saka. Kommunedirektøren synes det er gjort eit godt arbeid her for å få realisert gode landbruksprosjekt i Austrheim kommune. Totalt vart kom det inn søknadar som i sum utgjer verdi på arbeidet/tiltaket på **3.082.472**. Sidan Austrheim kommune løyvde kr. 300.000 så måtte felles landbrukskontor prioritera desse søknadane slik dei har gjort det i vedlagt oversikt. Det vil vera positivt både for søkjar og innbyggjarane i kommunen at desse omsøkte tiltaka vert gjennomført. Tiltaka er og i samsvar med landbruksfagrådet sine råd i saka. Totalt vert det løyvd kr. 232.880 no. Til rest står det då kr. 67.120.

Kommunedirektøren synes det er fornuftig at felles landbrukskontor ønsker å synfare arealet i søknad 7 i vekstsesongen 2022 før dei vurderer om det aktuelt å løyva resterende midlar på kr. 67.120. til dette tiltaket. Kommunedirektøren vil og understreka at same søkjar har fått tildelt midlar av dette tilskotet til to andre tiltak søknad 1. dreneringstiltak og søknad 2. ny gjerdeteknologi, dette er til ikkje fysiske gjerde (*no fence* på engelsk). Ei slik restløyving vil verta lagt fram som eige sak til formannskapet før sommaren.

Kommunedirektøren synes det er naturleg at felles landbrukskontor tek seg av utsending av tildelingsbrev med naudsynte vilkår til kvar enkelt søkjar som har fått løyvd midlar. Rekeskap og timeliste må og leggest ved før sluttutbetaling. Det gjeld og godkjenning av arbeidet som er omsøkt. Kommunedirektøren rår til at innstillinga frå felles landbrukskontor vert vedteke som tilrådinga i saksutgreiinga og i oversikta over viser.

Konklusjon

Formannskapet løyver landbruksmidlar løyvd i 2021 på kr. 300.000 som tilrådinga frå felles landbrukskontor i saksutgreiinga viser.